


HIELGESTUNDIER



NR 2, 2023 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 91. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:



- Ei ny tid for kyrkja
- Dåpsmirakelet
- Sjå årets konfirmantar
- Lese om soknerådsvalet
- Treffe den nye trusopplæraren
- Informasjon om og glimt frå arbeidet

God sommar!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester. **Layout:** Stig Jonny Fitje

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk: Printfarm AS

Ei ny tid for kyrkja

Det hender at kommuneadministrasjonen vert oppringt når folk meiner at gravplassen ikkje er skikkeleg stelt. Slik er det i Høyanger og i andre kommunar. Men det er soknet som eig gravplassane og kyrkjene. Kyrkjeleg fellesråd står for drifta av kyrkjebygningar og gravplassar. Etter søknad til Statsforvaltaren kan ein kommune gjevast ansvar for forvaltninga av gravplassane, men dette er i liten grad gjort, for kyrkja har lang erfaring og kompetanse på dette området. Fellesrådet kan velje å betale kommunen for at kommunetilsette skal utføre visse oppgåver, for eksempel graving, på gravplassane. Kyrkja er no eit eige rettssubjekt skilt frå stat og kommune, men er avhengig av tilskot frå kommunen slik «trossamfunnsloven» føreskriv. Fellesrådet har også arbeidsgjevaransvar for alle kyrkjeleg tilsette utanom prestane.

Alle godkjende trussamfunn får økonomisk stønad frå stat og kommune. Det gjeld også Den norske kyrkja. Kor stor denne stønaden er, vert avgjort politisk år for år. Denne stønaden er den desidert viktigaste inntektskjelda. Utviklinga dei siste åra viser at denne stønaden ikkje er stor nok til å løne dei tilsette ein treng og samstundes drifte kyrkjer, kyrkjegardar og kontor på ein tilfredsstillande måte.

Dugnad og friviljug, uløna arbeid er heilt naudsynt. Her stiller kyrkja likt med Røde Kors, Saniteten og Idrettslag. Drifta vert boren og halden oppe av medlemene. Sidan 1814 har kyrkja vore ein del av den offentlege forvaltninga i Norge. Den tida er no slutt. Kyrkja vert ikkje sterkare enn den generelle medlemsaktiviteten gjev grunnlag for.

Dette er ei ny tid for kyrkja. Det kan vere ei tid for avvikling. Men det kan også vere ei tid for styrking og fornying. Det kan vere ei tid for nytt engasjement frå det einskilde medlem. Kanskje ser vi no tydelegare at lokalkyrkja er eg og du og det vi saman trur og vil. Til sjuande og sist vil vår involvering og deltaking avgjere korleis gravplassane skal sjå ut - og kva kvalitet det skal vere på tenester som gravferder, dåp, konfirmasjon, diakoni, barne- og ungdomsarbeid og gudstenester.

Geir Sørebo

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Ali Kharrat

Jobbmobil: 40 45 86 49
 E-post: MK549@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse
 Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal
 Mobil: 95 72 91 72
 E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Stig Jonny Fitje

Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: SF729@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
 Bjo. og Ort: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129
 Lavik: Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
 Bjordal:
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40



Dåpsmirakelet

Det vi ser på biletet over er eit dåpsbasseng på Sinaihalvøya frå ca. 600-talet. Eg har vist til dette fleire gonger når det har vore dåp i Høyanger kyrkje den siste tida. Fordi: døypefonten vi har i denne kyrkja liknar i overraskande stor grad! Den er like krossforma, hoggen i stein frå ei stor steinblokk. Dimensjonen er litt mindre, men likevel ganske imponerende – og den veier fleire tonn. Største forskjellen er at døypefonten i Høyanger kyrkje berre har ein liten utskjering på overflata der vi set eit vanleg dåpsfat oppå. På baksida av dåpsbassenget ser du øvste trinnet til ei trapp dåpskandidaten gjekk ned. Bassenget var fylt med vatn slik at han eller ho kunne dukke heilt under med kroppen og så komme opp att på trappa på den andre sida. Så var det vanleg å ta på ein kvit dåpskjole slik som vi brukar den dag i dag – eller slik som konfirmantkappene våre ser ut.

Det er heilt fantastisk at det har vore såpass mange dåp første halvår 2023 etter fleire år då det var ganske få som vart døypt på

grunn av pandemien. Eg har – litt på spøk – til og med snakka om «eit lite dåpsmirakel».

Og dåpen er eit mirakel, faktisk! Som ikkje kan forklarast heilt. Det som skjer i dåpen er eit under! Vi blir nye menneske, får eit nytt liv i dåpen. Vi blir – på mirakuløs vis – sameina med Kristus, døyr saman med han og står opp til nytt liv (Romarbrevet kapittel 6). Og dette blir synleg når vi døyper med vatn – om det er i eit stort dåpsbasseng eller med 3 handfull vatn. Difor skjer det same kvar gong nokon blir døypt som skjedde under Jesus sin dåp. Då han kom opp frå Jordanelva (les vi i Mark 1,11), kom det ei røyst frå himmelen: «Du er sonen min som eg elskar, i deg har eg mi glede.» «Du er sonen min, du er dottera mi!», talar Gud til kvar og ein som blir døypt. Og det gjeld for oss livet ut! Dette er godt å hugse for oss alle, sjølv om vi kanskje blei døypt for mange år sidan.

Håper på ein riktig god sommar til alle!
Andreas Ester, sokneprest

Min salme



Marit Tonning er nestleiar i Høyanger sokneråd. Ho vart utfordra til å velje «min salme» denne gongen.

«Eg har valt salmen Fager kveldssol smiler. Bakgrunnen for det, er at eg kan minnast at vi song denne då vi gjekk på barneskulen. Eg trur vi song den på fredagar, før helg, og at vi då sto pent og pynteleg ved sida av pulten medan vi song. Det var litt høgtid då.

Det er jo nokre år sidan eg var elev ved Høyanger barneskule, og mykje har nok forandra seg sidan då.»

*Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.*

*Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
Høyr kor sterkt det susar
i den stille kveld!*

*Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.*

*Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg ein gong blundar
i Guds faderarm.*

Norsk salmebok nr. 817

T: A.H.H. von Fallersleben 1837

O: Peter Hognestad 1904

M: J. Chr. H. Rinck 1827



Foto: Kristin Myren

Konfirmantar i Bjordal

Frå venstre:

Malene Østerbø, Aurelija Staneviciute,
vikarprest Geir Sørebo

Kirkens Nødhjelp

Takk for alle gåvene til KN sin fasteaksjon! Mange gav på bøsse og andre brukte vipps 2426. Arbeidet til Kirkens Nødhjelp er svært viktig for å avhjelpe noko av all nauda vi ser rundt om i verda. Konfirmantar gjorde ein stor innsats i eit forrykande snøver. Heldigvis var det nokre som hadde gått dagane før uveret sette inn. I Høyanger kommune kom det inn kr. 40.643,-.

SS



Konfirmantar i Vadheim

Frå venstre:
Andreas Ester, Linnèa Heggnes
Jarstad, Madeleine Hellebust og
Sandra Fureli Johnsen

Foto: Irene Aase Aarseth



Konfirmantar i Lavik

Framme frå venstre:
Toril Lange, Silje
Hellebø Bjørkhaug,
Birgitte Hagen
Hjelmeland, Laura
Pernille Kvammen
Johnson og Geir
Sørebø.
Bak frå venstre: Leon
Arntsen Hvidsten,
Johan Bottolfsen
Hellebø, Oskar Olai
Bosdal og Sverre
Avedal.

Foto: Sigrun Bottolsen

Konfirmantar i Høyanger og frå Kyrkjebø:



Foto: Veronica Vågen

Julie Vågen Nilsen, Emil Hatlestad, Alf Roger Nygård Eldevik, Aron Lyeng Haaheim, Cathrine Sæbøe Tveit (foran), Nathaniel Hjelmeland Rasdal, sokneprest Andreas Ester, Casper Midtbø Augustsson, Leander Austrheim Eldevik, Sverre Drage Skreien, Helene Andrea Haukereid, Nellie Hauge Mjånes

Soknerådsleiarane invitert til bispevigsling i Bergen 16. april

Biskop Ragnhild Jepsen ynskta at grunnplanet/sokna skulle prioriterast ved invitasjonen til vigslinga. Det vart ei stor oppleving for mange av soknerådsleiarane i Bjørgvin bispedømme. I den nye organiseringa av kyrkja legg ein vekt på at det skal vere ei desentralisert styring. Laurdag fekk vi presentert ungdomsarbeidet som Den norske kyrkja har i St. Jakob i Bergen. Der er det eit blomstrande arbeid som ungdom sjølv utviklar. Vi kan med glede gjere dette kjent for studentar frå vårt område som kjem nye til Bergen. Mykje fint kan seiast om vigslinga og festen i Håkonshallen. Både ordføraren i Bergen, Linn Kristin Engø, kyrkjerådet sin direktør Kristin Gunleiksrud og statsråd Kjersti Toppe understreka det historiske ved at ei kvinne no er valt og innsett som biskop i Bergen. Den første kvinnelege biskopen i bispedømmet si historie som kan førast attende til Selja i 1068. Ei historisk hending, og den lokale kyrkja ønskte det og stemte fram dei tre kvinnelege kandidatane i si stemmegjeving.

Preses Olav Fykse Tveit understreka dette då han sa: *«I dag blir linja frå dei første kvinner som vitna om den tomme grava trekt vidare hit til dette rommet. Vi har deira namn. No går ditt namn inn i rekkja av biskopar som har hatt ansvar for at kyrkja er apostolisk, i tydinga at ho er sendt til verda med budskapet: Jesus lever og kjem til oss!»*

Prost Knut Magne Nesse og Sissel Sørebo



Frå Sunnfjord prosti deltok: Sissel Sørebo frå Bjordal og Ortnevik sokn, Linda Ølmheim frå Hyllestad sokn, Astrid Årdalsbakke Feldt frå Helgheim sokn, Ingvil Førde Torvanger frå Kinn sokn og Irene Muren Knapstad frå Ålhus sokn, prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse, Bjørn Harald Haugsvær frå Førde sokn, Bjarne Horsevik frå Gaular sokn, Jostein Gryte frå Askvoll sokn, Sturla Bell Fossen frå Kyrkjebø sokn og vararepresentant på Stortinget Jacob Nødseth.

Tur til Kinn kyrkje, sommaren 2023?

Det vert open kyrkje på Kinn frå 19. juni og ut heile august. Opningstidene er frå 13.30 til 19.30. Det er enkle tidebøner i kyrkja kl. 13.30 og 19.00 kvar dag. Kyrkja er ei av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia, og øya er tett knytt til historia om Sta. Sunniva og seljumennene. Det går ekstra turistbåt frå Florø kl. 12.00 måndag, tysdag, torsdag og fredag frå 19. juni til og med 4. august. I denne perioden går det også båt kl. 10.00 laurdagar. Elles må ein bruke dei ordinære rutene. Turen til Kinn og kyrkja er ei oppleving. Der er også turlagshytte og fleire merka turløyper.

Bruk røysteretten din!

Denne oppmodinga høyrer me mange gonger annakvart år, for då er det val til kommunestyre og fylkesting, eller til Stortinget. Dette er viktige val, men hugs også at det er eit viktig kyrkjeval i år!

I den frittstående, norske og demokratiske kyrkja har me eit medansvar for kva kyrkja skal vere oppteken av og arbeide med framover. Spørjeundersøkingar i fleire av sokna våre sidan førre val syner oss at folket er opptekne av kyrkjeleg aktivitet i bygdene våre.

Diverre syner undersøkingane også at få vil engasjere seg direkte i t d soknerådsarbeidet. No kan du puste letta ut, for listene er klare for i år, og det er fire år til neste nominasjon! Soleis er sjansen for å kome inn som fast medlem i soknerådet liten. Men det er lov å skrive opp tre nye namn på listene. Då kan ein

få på plass dei namna som trengs for å fylle lista med varamedlemmer.

Det du uansett kan og bør gjere, er å stø opp om dei som tek på seg ei rolle for fellesskapen. Eit lite, men viktig bidrag er at du røystar - også i kyrkjevalet.

Det er enkelt - listene ser du annan stad i dette bladet. Vil du endre på dei, så finn du informasjon om korleis det kan gjerast t d på heimesidene til kyrkja. Du kan førehandsrøyste, eller på valdagen 11. september finne røystelokale rett ved sida av der det politiske valet føregår – i alle våre bygdelag og sokn.

Det er val både til sokneråda (fire ulike i vår kommune) og til bispedømerådet i Bjørgvin.

Me vil at kyrkja skal vere der når me treng den, og då treng kyrkja at du bryr deg litt om den.

GODT VAL

Valting, lokala ein held kyrkjevalet den 11. september:

Bjordal og Ortnevik:

Ortnevik grendehus 09:00 - 10:30

Bjordal skule, Biblioteket 11:30 - 16:15

Biblioteket i Ikkjefjord grendehus 17:30 - 18:30

Høyanger: Industrimuseet 09:00 - 19:00

Kyrkjebø og Vadheim:

Kyrkjebø skule, biblioteket 10:00 - 18:00

Vadheim skule, biblioteket 10:00 - 18:00

Lavik: Lavik helsesenter 10:00 - 18:00

Førehandsrøysting:

- Digitalt: 10. august til 6. september
- På papir i eige sokn: 10. aug. til 8. sep.
- På papir i anna sokn: 10. aug. til 1. sept.

Digital førehandsrøysting:

- Veljarar loggar seg på med Bank-ID eller tilsvarande.
- Ein kan stemme så mange gonger ein vil, den siste stemma blir den teljande.

- Ein kan ikkje stemme på nytt på papir viss ein har stemt digitalt.
- Det er veljaren som har ansvar for at det blir hemmeleg val.

Det blir høve til førehandsrøysting etter desse gudstenestene:

Høyanger Kyrkje 20.08.2023 kl.12:00 - 13:00

Bjordal Kyrkje 03.09.2023 kl. 17:00 - 18:00

Kyrkjebø kyrkje 08.2023 kl.20:00 - 21:00

Lavik kyrkje 27.08.2023 kl. 17:00 - 18:00

Og på

Høyanger Kyrkjekontor tysdag, onsdag og torsdag kl.10:00 - 14:00 i veke 33 og veke36

Nasjonal felles tid til førehandsrøysting, 31.august:

Bygdetunet på Søreide kl.17:00 - 19:00

Høyanger Kyrkjekontor kl.15:00 - 19:00

Kyrkjebø, Saniteten sin lokale, Joker

Kyrkjebø, kl.17:00 - 20:00

Lavik senter kl.15:00 - 18:00

Soknerådsvalet:

Lista for Bjordal og Ortnevik sokneråd:

| | | |
|----------------------------|------|-------------|
| 1 Camilla Merkesvik Ådland | 1988 | Ortnevik |
| 2 Sissel Sørebo | 1948 | Sørebo |
| 3 Terje Søreide | 1957 | Søreide |
| 4 Kjersti Johansen Søreide | 1955 | Søreide |
| 5 Ingunn Østerbo | 1956 | Ikjefjorden |
| 6 Åge Østerbo | 1975 | Østerbo |
| 7 Irene Grøneng Breidvik | 1972 | Svartemyr |

Lista for Høyanger sokneråd:

| | | |
|------------------------|------|----------|
| 1 Elisabeth Johansen | 1980 | Høyanger |
| 2 Glenn-André Johansen | 2001 | Høyanger |
| 3 Edel-Marie Johansen | 2004 | Høyanger |
| 4 Heike Peggy Müller | 1977 | Høyanger |
| 5 Vidar Myren | 1970 | Høyanger |
| 6 May-Wenche Fossmark | 1957 | Høyanger |

Lista for Kyrkjebø og Vadheim sokneråd:

| | | |
|-----------------------------|------|---------------|
| 1 Sturla Borgar Bell Fossen | 1960 | Hålandsfeltet |
| 2 Kari Henny Dale | 1954 | Austreim |
| 3 Ole Ivar Luggenes | 1988 | Hålandsfeltet |
| 4 Amalie Ramsli Selnes | 1999 | Tronvikfeltet |
| 5 Sjur Håvard Øygard | 1971 | Hålandsfeltet |
| 6 Jofrid Nordstrand Forthun | 1970 | Austreimslia |
| 7 Arvid Solaas | 1968 | Vikane Mann |
| 8 Irene Aase Aarseth | 1966 | Tronvikfeltet |
| 9 Jens Ole Årdal | 1960 | Klævold |



Lista for Lavik sokneråd:

| | | |
|------------------------------------|------|-------|
| 1 Toril Lange | 1954 | Lavik |
| 2 Torunn Styve | 1957 | Lavik |
| 3 Katrin Borlaug Ringereide | 1984 | Lavik |
| 4 Bjørn Harald Nybo | 1981 | Lavik |
| 5 Maria Poonam Zimmermann Espeseth | 1984 | Lavik |
| 6 Eldrun Nordahl | 1957 | Lavik |
| 7 Wenche Liljedal | 1965 | Lavik |
| 8 Regine Borlaug Pettersen | 1991 | Lavik |
| 9 Terje Båtnes | 1955 | Lavik |
| 10 Solveig Evensen | 1957 | Lavik |
| 11 Oddny Marie Bruåsdal | 1970 | Lavik |
| 12 Annbjørg Norevik Kristensen | 1953 | Lavik |
| 13 Randi Aaning Strandos | 1957 | Lavik |

Presentasjon av kandidatane og informasjon om val av nytt bispedømmeråd:

Sjølve valet at nytt bispedømmeråd kan de delta i samtidig og på sama plassane som det er valting og førehandsrøysting til soknerådsvalet. Meir informasjon og presentasjon av kandidatane til både sokneråda og bispedømmerådet vil de finne på nettsidene etter kvart som det er klart. <https://www.kyrkja.no/hoyanger>

Dugnadsinnsats viktig

Kvar vår blir det arrangert dugnad på gravplassane, slik at det vert rydda før dei som har anbud på klipping og stell gjennom sesongen byrjar 1. mai. Dei siste åra har det vore Anleggsgartner Baarøy AS som har utført dette arbeidet. Stor dugnadsinnsats på nokre av gravplassane gjorde at der var svært vakkert til konfirmasjonane og 17. mai. Takk til alle som gjorde ein innsats for fellesskapet!

SS

Frå dugnaden på Kyrkjebø kyrkjegard.
Foto: Irene Aase Aarset

Ny giv for Alværa

Til tider har det vore ein del spørsmål omkring organiseringa og drifta på Alværa. Leirstaden er eigd av NMS; først Sogn og Fjordane krins, deretter Region Bjørgvin og dei siste åra eit eigeidomselskap i NMS. Det har lagt dempar på drifta. For oss som er engasjert i Alværa har det vore spennande tider; og stiftingsmøte for den nye Alværa-foreininga 28. april, var ein stor og viktig dag. No er det ny optimisme og det vert ei viktig oppgåve å vidareutvikle staden.

Vi klipper frå det Ingunn Sognnes leiar i Alværastyret, har skrive i NMS- Bjørgvin sitt meldingsblad

Det har dei siste åra vore arbeidd med å tilbakeføre drifta av leirstadane til lokal drift, og etter mange utkast, samtaler og drøftingsmøter mellom NMS sentralt og Alværastyret, der også regionstyret etter kvart blei kopla på, er no steget teke: Alværa kyrkje- og misjonscenter blei stifta som ei foreining 28.04.2023, og vil etter godkjenning i Brønnøysundregisteret få eige organisasjonsnummer. Det betyr eit stort ansvar lokalt, og at styret står ansvarleg for drifta mellom årsmøta. Toril Lange, med god støtte av ektefelle Olav Hellebø, vil i praksis vere dagleg leiar, men på sikt må vi arbeide for å opprette ei deltidstilling, då det er krevjande å drifte Alværa basert på dugnad. Når det gjeld medlemskap så er det ope for alle som vil vere ein Alværa-venn. Vi ynskjer alle velkomen, og innbyr både folk lokalt, NMS-medlemar, brukarar av Alværa og andre i region Bjørgvin til å teikne medlemskap.


Aktiviteten dei tre første månadane har vore god, med konfirmantleirar, «sydamer» frå Nordhordaland og Mariahelg, og vidare utover året er det ein god del utleige på sjølvkost og leige av lokale. Men det er plass til meir, særleg august er litt uavklara, så har du ein dag du vil feire, ta med storfamilie på weekend eller starte haustsemesteret i kyrkjelyden med ein tur, så ta kontakt. Alværa er heilt ideell for både unge og gamle, ligg fint til ved Sognefjorden, det er mange fine fjellturar i nærleiken, og stort uteområde med benker og høve til grilling, og universiell tilkomst både ute og inne.

Tida framover blir spanande, men styret har tru på denne modellen. Vi er avhengig av gode støttespelarar som kan bidra på ulikt vis: som medlem, med gåver, på dugnad eller som arrangør for eit arrangement. Og ikkje minst treng vi forbøn, så Alværa framleis kan vere ein oase, ein møtestad mellom både Gud og menneske.

Ingunn Sognnes, styreleiar



Alværastyret: Jens Friis, Karl Hjelmeland, Lin Åm, Ingunn Sognnes, Halvor Brosvik, Borghild Sætre, Vegard Bondevik Lie og Toril Lange



Alterteppe på Alværa

Helgestunder vil i dei komande nummera presentere noko av kunsten eller gjenstandane som vi finn i kyrkjene våre. Denne gongen vil vi presentere alterteppet på Alværa, som også er framsidebildet i dette nummeret.

Dette er laga av Eli Johanne Berg, som vart utfordra av Anbjørg K Bårnes til å lage eit alterteppe. Ho stod heilt fritt i motiv og teknikk. Det einaste som var fastlagt, var måla på teppet - 150 x 225 cm.

I 23 år har det hatt sin faste plass i møtesalen på Alværa og mange born, unge og vaksne har studert bildet og detaljane i det. Alterteppet inneheld mykje symbolikk. Eli Johanne Berg sitt ønske er at vi kan «sjå noko» i teppet, noko som kan bety noko for oss og vere til velsigning.

På baksida av teppet er det eit ark der Eli skriv om kva ho ynskjer å formidle med dei ulike bilda.

Midtpunktet i teppet er sigerskrossen. Den oppstadne Jesus er levande for oss også i dag. Han er alltid tilgjengeleg. Han er bindeleddet mellom Gud og menneske. Han seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.» Teppet er delt inn i 3 fasar (sjå framsidebilde)

- fortid; nedst med skapinga, jul, påske og pinse.

- framtid; heilt øvst, førestiller «den nye himmel og den nye jord»

Notida ser du på denne sida. Ho er representert med 8 små bilde med ulike motiv og 2 bilde med hjarte. Dei 2 hjarta symboliserer kjærleiken – Guds kjærleik til oss og vår kjærleik til Gud og kvarandre.

Dei 8 andre motiva set fokus på vårt forhold til Gud og Guds forhold til oss. Det er faktorar som er med på å styrke trua vår og skape tru. Dei har noko med vårt kvardagsforhold til Gud, Jesus og Den heilage ande.

Eli Johanne Berg seier om seg sjølv at ho er visuell formidlar/forkynnar. Ho driv no for det meste med måling – akrylmåling kombinert med stoffapplikasjonar.

Liv og lyst med Heike

Heike Müller byrja i eit engasjement som kyrkjelydsarbeidar 1. januar 2023. Vi er mange som har hatt glede av å sjå henne i aksjon saman med borna. Latteren høyrst lang veg. Ho har skaparglede og pågangsmot i det ho held på med og elsker å vere med borna.



Foto: Irene Aase Aarseth

Heike med liv og lyst!

Vi spør kva ho har invitert til sidan ho starta opp?

-I februar hadde eg tårnagentopplegg med 16 born i Høyanger, der 3. klassingane utforska kyrkja frå kjellar til tårn. På agentskulen fekk dei nyttige tips for å gjennomføre dei ulike agentoppgåvene. Samarbeid er viktig når ein er på skattejakt i kyrkja. På tårnagentgudstenesta kom dei inn i prosesjon, var med på bønner og framførte dramastykke og tårnagentsang. 5. klassingar på Kyrkjebø og i Høyanger fekk tilbod om å vere minikonfirmantar. Elleve born var med på weekend på Alværa og heldt deretter fram med samlingar. -Dei som ikkje har begynt i skulen har hatt tilbod om småbarnstreff i Diskoteksalen i Samfunnshuset.

På Sørsida har Heike hatt T-klubb for 1.-7. klasse og myldresamlingar for dei som ikkje har begynt i skulen.

På friluftsgudstenesta på Sørebo vart ho presentert og intervjuet av Geir Sørebo. Då fortalte ho m.a. dette:

- Eg vaks opp i Aust-Tyskland. Hadde ei kristen mor som gjorde til at eg fekk gå på søndagsskule, sjølv om staten var ateistisk. Eg elska forteljingane frå Bibelen. Då eg blei ungdom valde eg å bli døypt, og eg vart konfirmert i kyrkja i 1992 etter at Berlinmuren hadde falle. På 90-talet var det ikkje slik at ein blei straffa for å tilhøyre ein kristen kyrkjelyd, slik ein kunne oppleve i generasjonen før. Den kristne trua var veldig viktig for meg.

Heike er med i trusoppplæringsutvalet i Bjordal og Ortnevik der ein planlegg opplegg for born i området.

Ho fortel at ho ynskjer at borna skal oppleve bibelforteljingane, lære om Jesu liv og bodskap. Det er også fint at dei kan bli kjende med kyrkja i bygda si. At dei kan lære om bøn og om kva dei forskjellige kyrkjelege handlingane betyr.

- Eg håpar at borna kan føle seg trygge i kyrkja og at dei synest det er kjekt å komme dit.

- I Bjordal vil vi no prøve tårnagenthelg i november og håpar at vi får med både born og englevaktar som er hjelparar.

Vi ynskjer Heike lukke til framover i arbeidet med borna og vidare utdanning for arbeid i kyrkja!

MT og SS



Foto: Irne Aase Aarseth

Heike var med på gudstenesta på Sørebo og blir her presentert av Geir Sørebo



BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Teikning:
Monica Bauleo

Vitsar

Kvifor har
kua bjøller?
Horna funkar
ikkje.

Ein dame stod
ved fotgjengar-
feltet og venta.
- No har det vore
grøn mann fem
gongar. Når blir det
grøn dame?

Finn fem feil!


Her hjelper den miskunnsame samaritanen
mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Monica Bauleo



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



Velkomen Stig Jonny!

Den nye kyrkjeverja vår: Stig Jonny Fitje, har vore i jobben sidan 2. april, og me vil gjerne verta betre kjende med han gjennom nokre spørsmål:

Kven er du som person?

Eg er ein engasjert idealist, og samstundes realist og pragmatisk. Eg er opptatt av å sjå kva som er mogeleg å få til, har det ideelle som mål, men veit at røynda ofte er annleis. Dessutan er ingen ting svart-kvitt.

Kva motiverte deg til å søkje denne stillinga?

Eg kjenner meg heime i kyrkja og i Høyanger. Skulle eg prøve noko nytt, måtte det verte no, og det har lenge vore planen å på eit eller anna tidspunkt flytte tilbake hit. Stig Jonny budde, og var kyrkjetenar i Ortnevik på 1990-talet.



Foto: Sissel Sørebo

Geir intervjuar den nye kyrkjeverja.

Korleis er ditt bilete av engasjement og aktivitet i kyrkjelydane og i dei ulike sokna?

Sjølv etter mange år utanbygdes, har eg heile vegen fylgd med frå sidelina. Eg kjenner mange av dei engasjerte godt, og synest det er spennande å bli betre kjent med alle sokna og deira særpreg.

Dei tilsette syner alle eit stort engasjement; administrasjonssekretæren, kyrkjetenarane, klokkarane og kyrkjelyds-arbeidaren i sitt arbeid for barn og unge. Soknepresten er på jakt etter å fornye gudstenesta, og kantor spelar både godt og vakkert.

Eg vil òg nemne vikarpresten, som har tent kyrkja i Høyanger i ein mannsalder.

Kva ser du som utfordringar framover - for kyrkja generelt og i våre sokn spesielt?

Statskyrkja hadde ei sjølvstøtt rolle som folkekyrkje. Den var der for folket, og folket var der for den - altså ein god posisjon. No må kyrkja finne og forsvare sin plass.

Vi er framleis svært knytt til det offentlege. Kommunen har ansvar for å sikre oss god nok økonomi til å ta vare på bygga og gravstadane.

Her ligg utfordringane for kyrkja: dette å framleis vere nært knytt til det offentlege, og samstundes finne sin plass som Gud sine tenarar for folket og å kunne nå folk flest og vere der for dei.

Kva vil vere dei viktigaste oppgåvene for deg framover?

Det vil vere å sikre økonomien, å ivareta kyrkjene og gravstadane og å vere ein god leiar for dei tilsette slik at vi saman kan skape engasjement for arbeidet i kyrkja.

Korleis vil dei tilsette og dei friviljuge medarbeidarane merke at det er ein ny dagleg leiar på kyrkjekontoret ?

Eg håpar dei vil oppleve meg som imøtekomande og engasjert. Ein som kjem med nye idear og som er på tilbodssida. Av og til må eg korrigerast, og eg er ikkje hårsår.

Kva vil du seie innbyggjarane i kommunen kan forvente av- og bidra med i - kyrkja?

Innbyggjarane bør oppleve at kyrkja er der for dei når dei treng ho. Det kan vere til kvardags og til fest - litt av limet for oss i det norske samfunnet. Så er det slik at skal kyrkja vere der folk er, så må dei engasjere seg. Skal kyrkja bli meir enn eit bygg må der vere aktivitet og liv. Dette kjem ikkje av seg sjølv. Difor treng vi at folk investerer litt tid og krefter for å saman kunne gjere kyrkja til det vi treng; ein plass der livet får ein himmel over seg.

Me ynskjer lukke til i tenesta!

På kyrkjebakken

Song på Sørsida Bygdetun

Det har vore stor interesse for å syngje i lag denne våren. Kvar 14. dag har mellom 20 og 25 songglade møtt opp for å ha det triveleg i lag. Olav Bjordal har førebudd samlingane med å finne fram perler frå den gamle songskatten som alle kan frå skule eller ynskjekonsert. Det er lett å syngje til trekkspilet, og han gir oss også tonar frå gamaldansmusikken som kan få fram gamle minne. Siste samling før ferien blir måndag 26. juni kl. 17.00. Sjå på plakatar om oppstart i august.

Open kyrkje i Ortnevik

I sommar blir kyrkja open kvar fredag kl. 16.00-18.00 frå 23. juni til 18. august. Då er det gode båtruter frå/til Vik, og ein del turistar nyttar denne. Velkommen til å sjå den vakre kyrkja, studere informasjon om kyrkjehuset og kunsten og finne ro i det heilage rommet.

Open kyrkje i Høyanger

I sommar blir Høyanger kyrkje open kvar laurdag kl.13 – 15 frå 24.juni til 19.august. Høyanger sokneråd ynskjer velkomen innom

anten for å oppleve den flotte kyrkja og/eller for å finne ro og kvile.

Open kyrkje på Kyrkjebø

Soknerådet ynskjer velkomen til open kyrkje to onsdagar på seinsommaren, 9. og 23. august, baa dagane frå kl 18.00 – 20.00. I timen mellom 18.30 og 19.30 vil du kunne få ei musikalsk oppleving av dei sjeldne: med dyktige lokale musikarar. Resten av tida kan du nyte stilla, snakke med kyrkjeverten over ein kopp kaffi, sjå deg om i kyrkja, lese- eller få fortalt historier om kyrkja og kunsten som er der.



Foto: Sissel Sjørebø

Anders Brekke spelte på gudstenesta på Sjørebø

«Samtalar om livet»

Etter ferien blir Geir Sjørebø med på nokre kyrkjelydskveldar i Bjordal og i Lavik der samtalar om livet er tema. Informasjon vil du finne på plakatar og på Facebook Velkommen til fellesskap!

På kyrkjebakken

Olsok på Sande ved Ortnevik

Også i år er vi velkomne til å feire olsok under dei vakre bjørketrea på Sande 29. juli. I år kan vi byrje kl. 16.00 sidan det er helg. Det vert også dåp i gudstenesta som er ved Geir Sørrebø og Anders Brekke. Dersom det er dårleg ver, vert gudstenesta i Ortnevik kyrkje.

Velkomen! Bjordal Ortnevik sokneråd



Foto: Toril Lange

Frå kyrkjekaffien etter gudstenesta på gamleskolen i Norevikane.

Nærare deg min Gud – oppe på fjellet?

I barnetrua er det ei førestilling at Gud og englane er i den blå himmelen over skyene. Då er ein sjølv sagt nærare himmelen (og Gud) når ein er på høgfjellet.

Korleis ein enn ser dette i vaksen alder, så kan ein oppleve skaparverket nært når ein er ute i naturen og på fjellet. For Kyrkjebø sokn har det vorte ein tradisjon å ha friluftsgudsteneste på Vadheimsstølen på seinsommaren. Med alle atterhald om vertilhøva, så ligg det i planen at gudstenesta vert der den 6. august.

Ein nydeleg stad, unn deg turen, og opplev Skaparen sitt nærver – nærare himmelen. Velkomen! Kyrkjebø sokneråd

T-klubb og myldresamlingar

T-klubben i Bjordal for 1.-7. klasse blir til vanleg tysdagar i Gamlebanken i Bjordal. Datoar som er planlagt er: 12. sept., 3. okt., 24. okt. og 7. nov. Same gruppe er invitert til

tårnagenthelg 25. og 26. nov.

2- og 3-åringar får invitasjon til myldresamling i Ortnevik søndag 17. sept. kl. 16.00. 29. okt. og 12. nov. er det samling for alle dei som ikkje har begynt i skulen. På hausttakkefesten på Massnes 1. okt. blir det utdeling av 4- og 6-årsbøker. Kort sagt: du yt og nyt som du sjølv ynskjer. Velkomen! Bjordal Ortnevik sokneråd

Glimt frå arbeidet

Årsfest i Lavik kyrkjelyd

I fleire år har Lavik sokneråd hatt sitt årsmøte på kyrkjelyden sin årsfest. Ein ettermiddag i slutten av mars, var nesten 50 born, unge og vaksne samla på Alværa. Det vart litt endringar i programmet då fleire av borna skulle på dans. Difor starta dei vaksne med årsmelding, rekneskap og drøfting av arbeidet, før barnefamiliane kom og det var tid for middag. På menyen var det kjøttkaker og pølse med brød. Ei gruppe med aspirantar frå Lavik skulemusikk spelte, likeins gledde Wenche og Malvin oss med trekkspelmusikk. Det var allsong, og ein fekk sjå bildeserie frå aktivitetar i Lavik kyrkjelyd siste året. Det var også tid for frileik. Til ein fest høyrer også kaffi, kaker og is. Stemninga var god, og fleire gav uttrykk for at det var fint å sleppe å stresse med middag før ein skulle vere med på aktivitet.



Foto: Toril Lange

Flinke musikantar på Årsfesten i Lavik!

Nytt frå kyrkjeverja



Eg har no vore kyrkjeverje sidan 1.april og har ei rar kjensle av å vere fersk og uvitande om kva dagane vil innehalde – til å kjenne på at det har vore to lange månader. Ingen dagar er like og kvar dag dukkar det opp nye oppgåver – ofte oppgåver som ein må ta tak i omgåande. Dette er ikkje ein jobb for dei som treng full kontroll og oversikt. MEN kjedeleg er det ikkje. Eg ber likevel dykk som brukarar av tenestene våre om å vere tolmodige med meg!

Dei økonomiske resultatata til Høyanger kyrkjelege fellestråd for 2021 og 2022 utfordrar oss:

Rekneskapan for desse åra viser eit stort underskot som må dekkast inn. Årsakene til underskota vart gjort greie for i siste nummer, og eg går derfor ikkje nærare inn på dette her. Konsekvensane blir derimot at vi må snu alle steinar. Det blir ikkje betre av at utgifter som vi ikkje kan styre – t.d. til pensjon, aukar dobbelt så mykje som tilskota frå kommunen aukar. Dette kjem i tillegg til den generelle lønns- og prisstigninga i år. Planlagt oppussingsarbeid må derfor utsetjast til vi får meir oversikt; vi må få kontrollen over økonomien og sikre oss den handlekrafta vi treng for å halde kyrkjer og gravplassar i den stand vi ynskjer.

Gravplassen på Øvre Sæbø er i praksis snart full:

Det har synt seg at 30 år fredingstid for gravene på Sæbø ikkje er nok. Tida før ei grav, fredingstida, kan brukast om att må aukast til 40 – 50 år. Dette gir oss nokre utfordringar. For det første får vi færre graver vi kan bruke. For det andre når ein familie ynskjer å bruke om att ei grav, så kan ein ikkje det. Løysing for den første utfordringa prøvde ein å finne ved å få teikna inn fleire graver. Dette kunne ein gjere sidan gravplassen hadde mykje ledig areal. Det syner seg no at vi ikkje

utan vidare kan bruke dette arealet, då grunnen her inneheld så store stein at det er usikkert om vi får opna gravene. Vi arbeider med å finne løysingar på utfordringane, men det er store kostnader knytt til dette, og vi er i dialog med kommunen om å finne ein god veg vidare.

Det vi utan vanskar kan tilby, er kremasjon. Ei urne treng ikkje gravast så djupt, og ein kan då bruke om att graver.

Ferieavvikling på kontoret

Ferieavviklinga er alltid ei utfordring når ein ikkje kan ta fri frå dei oppgåvene ein har ansvar for. Ferien har si hovudtyngd i juli, og ein periode har både prest og organist ferie samstundes. Prostiet har derimot hyra inn prestevikarar, og det vil slik vere ressursar disponibelt. Likeins er organistane opne for tilleggsoppdrag for å få denne perioden til å gå opp. Kyrkjjetenarane har sett seg opp med ferie som ikkje overlappar, og vi sikrar slik at kyrkjene er klare til aktivitetane gjennom ferietida. Likeins har administrasjonssekretæren kome godt inn i sine oppgåver, og kan sikre drifta av kyrkjekontoret i samband med kyrkjeverja sin ferie. Så blir det nok ein periode i haust at kyrkjeverja må klare seg utan administrasjonssekretæren.

Prestestillinga i Lavik og Bjordal & Ortnevik sokn

Våren 2022 vart prestestillinga lyst ut, men det kom diverre ingen søkjarar. Geir Sørebo vart utfordra til å ta på seg eit vikariat i 80% fram til 1. juni 2023. I tillegg har han hatt ansvar for å halde andaktar på sjukeheimane i Høyanger og på Kyrkjebø. Sokneprest i Hyllestad, Runar Matsui-Li, har hovudansvar for konfirmantane. Det er framleis ikkje noko nytt når det gjeld prestestillinga, og Geir Sørebo er spurt om å ta eit nytt vikariat frå 1. september til 1. januar. Det vert arbeid med å finne langsiktige løysingar. Vi er takksame for arbeidet Sørebo har utført i sokna og glad for at han er viljug til å halde fram frå 1. september.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Vadheim kyrkje

06.05.2023 Lone Ynesdal Thune

Høyanger kyrkje

21.05.2023 Agnes Bratland Marifjæren

21.05.2023 Isak Fjæren Olsen

21.05.2023 Ask Sæbø Fredriksen

18.06.2023 Robert Rajna

18.06.2023 Ronald Rajna

Kyrkjebø kyrkje

02.04.2023 Filip Raa Moritsgård

02.04.2023 Vilde Kyrkjebø Borlaug

Lavik kyrkje

25.06.2023 Aslak Mølmesdal Førde



DØDE

Høyanger

25.02.2023 Jan Rode Ynesdal

28.03.2023 Karl Roar Vadheim

09.05.2023 Reidun Marie Høvik

07.05.2023 Bjørn Inge Alræk

19.05.2023 Arve Mikael Nordstrand (vik)

Kyrkjebø

18.03.2023 Ingeborg Ullebø

20.03.2023 Herdis Johanne Lyeng

28.03.2023 Ragnar Aaland

14.04.2023 Evy Johanne Engh Strandos

Lavik

13.03.2023 Karl Martin Gudmundsos

Vadheim

19.03.2023 Klara Mannebrekke



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

18. juni – 3. søndag i treeiningstida

kl. 12.00 Høyanger v/ A. Ester
friluftsgudsteneste og sommerfest

25 juni – 4. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Lavik v/ A. Ester

9. juli – aposteldagen

kl. 11.00 Kyrkjebø v A. Ester
kl. 16.00 Bjordal v/ A. Ester

16. juli – 7. søndag i treeiningstida

kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester

29. juli – Olsok

kl. 16.00 Sande/Ortnevik
Friluftsgudsteneste v/ G. Sørebo

6. august – 10. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Lavik v/ Geir Sørebo
kl. 15.00 Vadheimsstølen Geir Sørebo

20. august – 12. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Høyanger v/ A. Ester
konfirmantpresentasjon

27. august – 13. søndag i treeiningstida

kl. 16.00 Lavik v/ R. Matsui-Li
konfirmantpresentasjon, 50års jubilarantar
kl. 19.00 Kyrkjebø v/ A. Ester
konfirmantpresentasjon

3. september – vingardssøndag

kl. 16.00 Bjordal v/ G. Sørebo

6. september onsdag

kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester
gladgudsteneste

10. september – 15. søndag i treeiningstida

kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester
kaffigudsteneste

17. september – 16. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

24. september – 17. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebo hausttakkefest
kl. 17.00 Høyanger v/ A. Ester hausttakkefest

1. oktober – 18. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Massnes v/ G. Sørebo hausttakkefest

4. oktober onsdag

kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester
gladgudsteneste

15. oktober – 20. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebo
presentasjon nytt sokneråd
kl. 18.00 Lavik v/ G. Sørebo
presentasjon nytt sokneråd

22. oktober – 21. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester
presentasjon nytt sokneråd, hausttakkefest
kl. 17.00 Høyanger v/ A. Ester
presentasjon nytt sokneråd

5. november – helgemessesøndag

kl. 11.00 Lavik helgemesse v/ G. Sørebo
kl. 16.00 Bjordal helgemesse v/ G. Sørebo

8. november onsdag

kl. 18.00 Høyanger minnedag v/ A. Ester

12. november – 24. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Kyrkjebø minnedag v / A. Ester



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Glimt fra arbeidet



Frå gudstenesta i Måren



Kul-koret syng i gudstenesta på Kyrkjebø 17.mai



Foto:
Sturla Bell Fossen og Irene
Aase Aarseth



Frå dugnaden på Kyrkjebø

